

Vidar Mjøs

Fra: Vidar Mjøs [vidar-mj@online.no]
Sendt: 22. april 2014 12:46
Til: 'Kjersti Flatråker'
Kopi: Håkon Zakariassen (post@floholmen.no)
Emne: SV: Plansak 126020110000300 - detaljregulering - Fløholmen næring (L)(5521)

Takk for svar.

Då må det vurderast korleis ein kan ta dette vidare.

Kommunestyrevedtaket byggjer på at kommunen tolkar Statens vegvesen slik at det ligg føre ei motsegn derifrå knytta til fortau langs Fløholmsvegen.

Kan det vera ein ide at kommunen skriv til Statens vegvesen med spørsmål om motsegna kan fråfallast, basert på følgjande argumentasjon :

- Kommunen har forstått det slik at det er omsynet til friluftsområdet på Byngja (Bergen og Omland Friluftsråd) som ligg til grunn for fortauskraft og motsegn. (Mellom avkjørselen til friluftsområdet og Fløholmen ligg det berre ein bustad).
- For det store fleirtalet av gåande vil lina langs fylkesvegen og vidare via parkeringsplassen til friluftsområdet vera ein omveg på om lag ein halv kilometer samanlikna med den langt kortare "ønskelina" – ein sti eller turveg frå bustadområda vest og aust for krysset mellom fylkesvegen til Marøy og fylkesvegarmen til Fløholmen, direkte mot Byngja
- Dersom ein også byggjer ein ny turveg austover via Lambergvågen til gamle Haugland skule og fortau langs Radøyvegen frå Haugland skule til møtes med eksisterande fortau i Bøvågen, vil ein kunna oppnå ei trygg sentral gangline for skuleborn og turgåarar, like frå Byngja, forbi alle senterfunksjonane i Bøvågen, til Hordabø skule og vidare over Nordbø til Bøneset.
- Langs Radøyvegen er det lett og rimeleg å byggja fortau
- Langs fylkesvegarmen til Fløholmen må eit fortau truleg leggjast langs innsida av vegen, med store skjeringar og fåre for sprengningsskader på (den verneverdige?) gråsteinsmuren langs sjøside, og med behov for relativt omfattande omlegging av avkjørsler
- Sett i høve til kostnader, terrenngrep, trafikkmengder og nytteverdi er det grunn til å tru av at forlenging av fortau langs Radøyvegen bør få prioritet framfor fortau langs Fløholmsvegen.

Mvh
Vidar Mjøs
Siv. ing. Vidar Mjøs
Fabrikkg 7b, 5059 Bergen
vidar-mj@online.no
tlf 55598262 mob 90788921

Fra: Kjersti Flatråker [<mailto:kjersti.flatraker@radoy.kommune.no>]
Sendt: 22. april 2014 09:55
Til: Vidar Mjøs
Emne: SV: Plansak 126020110000300 - detaljregulering - Fløholmen næring (L)(5521)

Hei.
Kommunestyret stadfesta vedtaket i hovudutvalet.

Me har ikkje vurdert turveg som du skisserer under. Det er ein kjempegod ide som me tek me oss vidare!

Frå kjersti Flatråker

Fra: Vidar Mjøs [<mailto:vidar-mj@online.no>]

Sendt: 11. april 2014 09:05


Til: Kjersti Flatråker; post@floholmen.no

Emne: SV: Plansak 126020110000300 - detaljregulering - Fløholmen næring (L)(5521)

Korleis gjekk det med Fløholmen-saka i kommunestyret ?

Har kommunen vurdert ein turveg frå Haugland skule til Byngja (grøn stipla strek på skissa nedafor) ?

Med forlenging av fortauet langs Radøyvegen vil ein då kunna gå på turveg / fortau frå Torvhøyen til Hordabø skule, og på turveg til Byngja utan å bruka fylkesvegarmen til Fløholmen.



Mvh
Vidar Mjøs
Siv. ing. Vidar Mjøs
Fabrikkg 7b, 5059 Bergen
vidar-mj@online.no
tlf 55598262 mob 90788921

Fra: Kjersti Flatråker [<mailto:kjersti.flatraker@radoy.kommune.no>]

Sendt: 3. april 2014 08:46

Til: post@floholmen.no; vidar-mj@online.no

Emne: Plansak 126020110000300 - detaljregulering - Fløholmen næring (L)(5521)

Vedlagt sakspapir til kommunestyret.

Frå Kjersti Flatråker

No virus found in this message.

Checked by AVG - www.avg.com

Version: 2014.0.4355 / Virus Database: 3722/7290 - Release Date: 04/02/14

No virus found in this message.

Checked by AVG - www.avg.com

Version: 2014.0.4355 / Virus Database: 3882/7375 - Release Date: 04/21/14